

Osterøy Kommune
Byggesaksavdelinga

Dykkar referanse: 22/2379

Planeringsfelt GBnr. 42/3

Utgreiing driftsvegar og sedimenteringsanlegg

Visar til tilhøyrande planteikning «902 - driftsvegar og sedimentering».


Sedimenteringsanlegg:

Før ein byrjar med gravearbeidet skal det etablerast eit sedimentasjonsbasseng der eks. traktorveg byrjar nord på tomten. Det er planlagt å etablere dette bassenget parallelt med traktorvegen der avrenninga samlar seg no før tiltaket. Ved å bruke det allereie lågaste punktet unngår ein større inngrep enn naudsynt for å samle avrenninga.

Sedimentasjonsbassenget vil gje ein reinseffekt for å sikre at vatnet ikkje inneheldt for høgt innhald av partiklar når det renn ut i bekk og vidare ut i elv.

Bassenget skal utformast slik at vatn renn gjennom med lågast mogeleg hastigheit for at partiklar skal få tid til å synkje til botn.

Prinsippet for utforming av sedimenteringsbassenget er henta frå Teknisk rapport 09 utarbeida av Norsk Foreining for Fjellsprengningsteknikk. Det er ein fordel med eit stort og langt basseng i motsetning til fleire små, lengde/bredde forholdet bør være minst 6:1. For å bremse vasstraumen kan ein nytte karmar som vist på skisse under. Bassenget skal etablerast i ein tørt periode og det skal nyttast sikring i bekk nedstrøms under arbeidet (til dømes duk).



Mesteparten av avrenninga frå planeringsfeltet vil samlast ved sedimenteringsbassenget og ein vil nytte grøfter for å lede vatnet inn til innløpet. Utløpet frå bassenget vil være til eksisterande «bekk». Ein vil følgje med på avrenninga og sørge for å iverkesetje tiltak om det er andre stader som vert påverka.

Driftsveggar:

I samband med tilføring av massar frå Espevoll næringsområde vil det være behov for ein midlertidig anleggsveg med nokon plassar ein kan tippe og snu. Ein planlegg å etablere ein driftsveg mot vest som delvis kan nyttast etter at tiltaket er ferdig samt to midlertidige tipp og snuplassar.